




# Kjeåsen

 This mountain farm area 550 metres above sea level has two farms with dwellings dating from the 1600s. The earth here is fertile and it is only a short distance for people or animals to the «larder» of Hardangervidda. Hydro electricity developments in the 1970s provided a road and access for tourists.

Garden Kjeåsen ligg 550 meter oppe i fjellsida, på nordsida av Simadalsfjorden. Tidlegare var stien einaste alternativ om ein ville komma seg til gards. Kjeåsen har to gardsbruk, det eine er no i 2008 fremleis i drift. Kjeåsen var opphaveleg eit geitebeite til garden Sæ i Simadal, og namnet har sitt opphav derfrå.

Kor lenge folk har budd her oppe veit ein ikkje sikkert. Skriftlege kjelder fortel at på midten av 1600-talet busette ein husmann seg på Kjeåsen. Husmannsplassen høyrde framleis til garden Sæ. Først i 1838 vart garden Kjeåsen eigen martrikkelgard.

Ein kan undra seg over kvifor folk har busett seg på ein så avsides plass. Men det er kort veg til «matfatet» på Hardangervidda til Kjeåsen. Jordsmonnet på garden er grøderikt, og sola skin mest heile året. På sumarstid vert det ofte varmare her oppe, enn nede i bygda.

På vinterstid er vinden det ein fryktar mest på Kjeåsen. For å sikre husa har dei spent stålbar-duner over hustaka. Bustaden og fjøsa er bygd saman, noko som er særers praktisk om vinteren.

Langs stien opp til Kjeåsen har folk gjennom generasjonar frakta alt dei trong på ryggen. Eit av husa på Kjeåsen tok det 30 år å bygga. Alt materiale måtte fraktast opp planke for planke. Den tyngste børa til Kjeåsen skal ha vore ein slipestein på 90 kilo.

I 1930-åra vart det bygd ein motordriven taubane, og med denne vart det enklare å frakta varer opp og ned til garden.

På det meste budde det 13 born på Kjeåsen. Desse gjekk på skule i Simadal, og skulevegen var vanskeleg. På sumarstid gjekk borna til og frå skulen kvar dag, men på vinteren var vegen for farleg. Då budde dei hos slektningar i Simadal.

I 1973 tok bygginga av kraftverket i Simadalen til. Kraftutbygginga var ferdig i 1981. Den «nye tida» kom til Kjeåsen med bilveg og anleggsarbeid. Turiststraumen auka med bilvegen og Kjeåsen er blant dei fremste turistmåla i kommunen.

